

# Strategisk plan 2023-2026

---

|                 |  |
|-----------------|--|
| <b>Visjon</b>   | Husflid som levande kultur og næring.  |
| <b>Verdiar</b>  | Skaparglede, kvalitet, tradisjon, nytenkande, haldbart og inkluderande fellesskap.   |
| <b>Hovudmål</b> | Vere ein synleg, fagleg sterk frivillig organisasjon, som spelar ei viktig rolle for å ta vare på og utvikle kulturarv, kulturliv og lokalmiljø. |

## Vårt faglege arbeid omfattar å:

- Stimulere til kurs- og opplæringsverksemd, og sikre eit mangfaldig tilbod for ulike nivå og aldersgrupper over heile landet.
- Forvalte den levande kulturarven gjennom arbeid med tradisjonelt handverk og trua teknikkar i tråd med vår plikt som akkreditert NGO i UNESCO.
- Ha tilsette med brei og sterk fagleg kompetanse og formidlingsevne.
- Halde oss fagleg oppdaterte og relevante, og delta i eksterne nettverk og på møteplassar nasjonalt og internasjonalt.
- Tilby fagstoff av høg kvalitet gjennom eigne kanalar.

## Vårt næringsretta arbeid omfattar å:

- Forsterke merkevara husflidshandverk.
- Vise fram husflidshandverkarane som yrkesgruppe, og den særskilde fagkompetansen deira.
- Stimulere til berekraftig og lønnsam produksjon og omsetnad.
- Styrke kunnskapen om og etterspurnaden etter småskala og lokalproduserte kvalitetsprodukt.
- Tilby aktuell kompetanseheving for næringsdrivande.
- Vise fram butikkane som faghandel med høg kvalitet og unik kompetanse.
- Vise til yrkesveggar for unge og nyutdanna tradisjonshandverkarar, samt stimulere til oppretting av læreplassar.

## Vårt organisatoriske arbeid omfattar å:

- Legge til rette for demokratiske prosessar.
- Skape formelle og uformelle møtestader for medverknad, utvikling og opplæring.
- Sørge for god kompetanse i organisasjonsarbeid ved å tilby opplæring av alle tillitsvalde på alle nivå.
- Sikre god drift og service for medlemsgruppene.
- Styrke vår rolle som kursarrangør.
- Arbeide aktivt med rekruttering, og skape større mangfald i organisasjonen.
- Jobbe målretta for og med barn, ungdom og unge vaksne.
- Tydelig vise ansvars- og oppgavefordeling i heile organisasjonen.

## Vårt politiske arbeid omfattar å:

- Påverke prosessar i samfunnet gjennom fråsegner og lobbyverksemd innan kultur-, utdanning-, nærings- og frivilligheitspolitikk for å:
  - Sikre finansiering av studieforbunda.
  - Sikre finansiering av tiltak retta mot barn og ungdom.
  - Vise til behovet for styrking av formell utdanning innan handverksfag, og rammevilkår som gir høve for lønnsam produksjon og omsetjing.
  - Sikre høvelege lokale til husflidslaga.
- Vere aktive i paraplyorganisasjonar, aktuelle fora og med samarbeidspartar nasjonalt og internasjonalt.
- Vise fram samanhengen mellom husflid og FNs berekraftmål.
- Vere medviten om vår rolle og dei høva det gir som akkreditert NGO i UNESCO.
- Gjennomføre ei veke i året som viser fram husflid på skular både på grunn-, vidaregåande og høgskular.